

Til xxx, ved xx skole

Gjennom Parisavtalen har Noreg forplikta seg til eit mål om at gjennomsnittstemperaturen på jorda ikkje skal stige med meir enn to gradar celsius. For å få til dette må mengda karbondioksid i atmosfæren bli redusert eller stabilisert. Målet er at det i 2050 ikkje skal sleppast ut meir enn det som blir fanga opp eller fjerna. Vi er avhengige av gode tiltak for å realisere målet i Parisavtalen. Vi treng derfor gode innspel frå den oppveksande generasjonen om kva tiltak de meiner Norge bør satse på.

Vi ønsker at de skal presentere og grunngi eitt tiltak de meiner Noreg bør gjere for å redusere utslepp av karbondioksid. Presentasjonen skal innehalde følgande:

- forklaring på korleis karbon beveger seg mellom ulike delar av karbonkrinsløpet i tiltaket de har valt
- forklaring på korleis tiltaket bidrar til å redusere eller stabilisere mengda karbondioksid i atmosfæren
- grunngiving for kvifor de har valt dette tiltaket
- vurdering av om tiltaket er gjennomførbart med tanke på økonomiske eller samfunnsmessige omsyn

Vi ønsker at vurderingane de gjer skal nå fram til aktuelle politikarar. De vel sjølve presentasjonsform og format etter kva de tenker er mest hensiktsmessig. Eksempel kan vere lesarinnlegg til avisa, ein film på eigna plattform eller ein appell framfor politikarar.

Parisavtalen finn de her: <https://www.fn.no/om-fn/avtaler/miljoe-og-klima/parisavtalen>

Lykke til!

Med venleg helsing

NN